



BARNE-OG LIKESTILLINGS	
Arkivkode:	410.0
Dato:	5/11-09
Dykkar ref.:	
Saksnr. dato:	30.10.2009

2009/02808-052

Barne- og likestillingsdepartementet
Postboks 8036 Dep.
0030 Oslo

Høyring – barn som kan vere ofre for menneskehandel – høve til førebels plassering utan samtykke på institusjon for vern og omsorg (forslag om endring i barnevernlova)

Barne- og likestillingsdepartementet har i høyringsnotat datert 7. juli 2009 bedt om høyringsinstansane sine synspunkt på forslaget om endring av barnevernlova slik at det opnes for førebels plassering av barn på institusjon utan deira samtykke i tilfelle der det er fare for utnytting av barnet til menneskehandel.

Fylkesmannen i Rogaland finn høyringsnotatet grundig og godt, og er positive til at det nå er foreslått ei regulering av muligheita til å plassere barn som kan vere ofre for menneskehandel på institusjon mot deira vilje. Fylkesmannen i Rogaland sluttar seg i all hovudsak til departementet sitt forslag, og dei argumenta som ligg til grunn for dette forslaget.

Fylkesmannen i Rogaland vil likevel peike på eit punkt. Ein etterlyser regler som gir høve til tvangsbruk for å finne og eventuelt beslaglegge gjenstandar utover rusmiddel og farlige gjenstandar. For å hindre/gjere det vanskeleg for barnet å ta kontakt med eventuelle personar involvert i menneskehandelen, vil det vere viktig at det gis høve til å også ransake etter og beslaglegge gjenstandar som SIM-kort og liknande.

Med helsing

Pål Iden
fylkeslege

Mina Kristin Rød
rådgevar

Saksbehandlar: Mina Kristin Rød
Saksbehandlars telefon: 51 56 88 61
E-post: mina.kristin.rod@fmro.no